



ARKIVVERKET



STATISTIKK FOR ARKIVINSTITUSJONAR OG ARKIV I BIBLIOTEK OG MUSEUM 2020



INNHALD

Statistikken i korte trekk	2
Bestand	3
Digitalt skapt bestand	3
Bestand i hyllemeter	6
Tilrettelegging for bruk	8
Digitalisering av papirmateriale	11
Oppbevaringsforhold	12
Bevarte privatarkiv	13
Bestand, tilvekst og tal på privatarkiv	13
Tilrettelegging for bruk	16
Digitalt skapt privatarkivmateriale	18
Institusjonane med mest privatarkiv	19
Audiovisuelt arkivmateriale	21
Foto	21
Lyd og film	22
Lagingsforhold for audiovisuelt arkivmateriale	24
Tilgjenge og bruk	25
Tilgjenge til arkivkatalogar på lesesal og nett	25
Besøk, utlån og førespurnader på lesesal	26
Publisering og bruk av digitalisert arkivmateriale	27
Årsverk og økonomi	29
Meir om arkivinstitusjonane	31
Om statistikken	34
Vedlegg 1: Inndeling institusjonstypar	35
Arkivinstitusjonar	35
Museum	36
Bibliotek	37

I KORTE TREKK

Ved utgangen av 2020 var det totalt bevart nesten 4 000 arkivuttrekk og 609 000 hyllemeter arkivmateriale i norske arkivinstitusjonar, museum og bibliotek. Det historiske arkivmaterialet i norske bevaringsinstitusjonar kan stå tett i tett i ei rekke frå Oslo sentralstasjon til Steinkjer, og det digitale materialet er på i overkant av 155 000 Gigabytes. Mengda GB har vorte meir enn tredobla frå 2017 til 2020. Dei (fylkes) kommunale arkivinstitusjonane har no for første gang fleire arkivuttrekk enn Arkivverket. Det kan ein, som for papirbasert materiale, mest sannsynleg sjå som følgje av kommune- og regionreforma.

Total arkivbestand som er ordna og katalogisert utgjer 446 132 hm, det vil seie 73 % av total bestand. Kommunale arkiv er i mindre grad ordna og katalogisert enn statlege arkiv, og trekker totalsnittet ned. Men desse har trass i ein tilvekst på nesten 37 000 hm siste året, halde ordningsgraden sin relativt stabil og hatt ein auke til 70 %. Museum har den lågaste delen som er tilrettelagt for bruk med ein ordningsgrad på 61 %.

Det er generelt mange museum og bibliotek som ikkje publiserer informasjon om arkiva sine på Arkivportalen.no. Det er også eit stort etterslep på publisering av informasjon om arkiva i (fylkes)-kommunale arkivinstitusjonar. Men delen som er publisert har auka jamt dei siste åra. I 2020 har publiseringdelen auka til 61 % i snitt, ein auke på fem prosentpoeng frå 2019. Særleg andre arkivinstitusjonar og dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane har gjort ein god del publiseringsarbeid i korona-året 2020. Dei siste fire åra har publiseringsgraden auka med 16 prosentpoeng.

Sørs mange bevaringsinstitusjonar av alle typar tar vare på privatarkiv – i alt 142 av dei 150 spurte svarer dei tar vare på privatarkiv. Men mange av desse arkiva er små, og den einskilde institusjonen har ofte ei lita mengde privatarkivmateriale. Svært få har tatt imot digitalt skapte privatarkiv. Total bestand av privatarkiv er på 134 796 om ein reknar i hyllemeter. Talet på institusjonar med arkivuttrekk frå private aktørar og mengda GB viser at bevaring av digitalt skapte privatarkiv er komme svært kort.

Status i 2020 er at litt under ein tredel av arkiva frå private aktørar ikkje er ordna. Meir alvorleg er at informasjon om at privatarkiva finst bevart er tilgjengeleg på den nasjonale tenesta for berre 48 % av privatarkiva, minst del for privatarkiv i bibliotek og museum. Likevel ser vi ein god auke i publiserte privatarkiv på Arkivportalen.no på i underkant av 12 % i 2020.

Tala på lesesalsbesøk syner også i 2020 ein nedgang. Til forskjell frå tidlegare år, kan mykje forklarast med koronaviruset og nedlukkinga som følgje av det. Førespurnader skil seg her ut, og til forskjell frå dei seinaste åra, har det vore ein auke på 3 725 førespurnader frå føregåande år.

Ser ein på bruk og besøk i Digitalarkivet, fortsett den positive tendensen i kor mange som besøker nettstaden. I 2020 viser talet på besøk heile 7,4 millionar, som er ein auke på 1,2 millionar besøk. Auken i årlege unike brukarar er kanskje enda meir markant. I 2020 var det heile 1,6 millionar unike brukarar som besøkte Digitalarkivet.

Bevaringsinstitusjonane hadde i 2020 ei bemanning på 872 arkivrelaterte årsverk. Arkivinstitusjonane har samla sett hatt ein liten nedgang i både tal på arkivrelaterte årsverk og i tal på arkivfaglege årsverk frå 2019. Musea og biblioteka oppgir berre arkivfaglege årsverk til statistikken. I 2020 rapporterer desse institusjonane samla å ha rundt 105 arkivfaglege årsverk. I gjennomsnitt utgjer dette berre 0,9 arkivfaglege årsverk per bibliotek eller museum.

Alle (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar oppgir no å tilby både kurs, fagleg rettleiing og faglege møte med eigar/medeigar/medlem. Nesten alle oppgir no også å hjelpe sine eigarar med rådgjeving ved kjøp og innføring av elektroniske system for arkiv. I 2018 var dette tenester som 8 % av institusjonane gav tilbod om, medan det i 2020 var alle bortsett frå ein institusjon som gav dette tilbodet.

BESTAND

Ved utgangen av 2020 var det totalt bevart nesten 4 000 arkivuttrekk og 609 000 hyllemeter arkivmateriale i norske arkivinstitusjonar, museum og bibliotek. Det historiske arkivmaterialet i norske bevaringsinstitusjonar kan stå tett i tett i ei rekke frå Oslo sentralstasjon til Steinkjer, og det digitale materialet er på i overkant av 155 000 Gigabytes. Mengda GB har vorte meir enn tredobla frå 2017 til 2020.

DIGITALT SKAPT BESTAND

Det var ved utgangen av 2020 bevart 3 899 arkivuttrekk¹ totalt i dei ulike bevaringsinstitusjonane. Institusjonane skulle for fjerde gang også oppgi mengde digitalt skapt arkivmateriale i Gigabytes (GB). Mengda arkivuttrekk og GB aukar særleg i kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar (heretter kalla: (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar) og Arkivverket. Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane har no for første gang fleire arkivuttrekk enn Arkivverket. Det kan ein, (som for papirbasert materiale), mest sannsynleg sjå som følgje av kommune- og regionreforma.


Tabell 1: Digitalt skapt arkivmateriale totalt etter institusjonstype pr. 2020

	Uttrekk totalt	GB
Arkivverket	1 602	30 000
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	1 942	55 146
Andre arkivinstitusjonar	10	27 325
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	3 554	112 471
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	33	40 058
Folkebibliotek	4	18
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	0	26
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	37	40 102
Museum	308	2 482
SUM ALLE	3 899	155 055

Berre eit fåtal av musea (14) og biblioteka (3) har oppgitt GB. Til saman er litt over 155 055 GB rapportert inn for 2020 – ein auke på over ein tredel frå 2019.


¹ Med arkivuttrekk meiner ein det datainnhaldet som skal hentast ut av eit system og inngå som hovuddel i arkivversjonen – definert i Riksarkivaren si forskrift kap. 5

Figur 1: Del av uttrekk totalt og del av GB totalt etter institusjonstype pr. 2020




Ei stor mengde GB finst hos Arkivverket og i dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane. Men den største mengda data hos ein enkeltinstitusjon finst hos UB Bergen grunna Språksamlingane (39 558 GB). Derneft kjem Arkivverket med 30 000 GB og Norsk senter for folkemusikk og folkedans som oppbevarer mykje foto-, lyd- og film/ videomateriale – med 19 752 GB. IKA Kongsberg med 11 379, Innlandet fylkesarkiv med 9 361, IKA Vest-Agder med 9 356 og IKA Trøndelag med 7 000 GB kjem deretter rangert etter mengde.

Figur 2: Utvikling i talet på arkivuttrekk totalt 2014-2020



Figur 2 viser utviklinga i tal på bevarte arkivuttrekk i perioden 2014 til 2020. Talet på uttrekk har i denne perioden meir enn dobla seg og auka frå 1 860 til 3 899 bevarte uttrekk.

Figur 3: Utvikling i talet på GB arkivmateriale totalt 2017-2020



Figur 3 viser utviklinga i talet på mengde digitalt arkivmateriale målt i Gigabytes. Mengda GB har vorte meir enn tredobla frå 2017 til 2020.


BESTAND I HYLLEMETER

Institusjonane bevarer til saman 608 680 hyllemeter med analogt arkivmateriale. Heile 91 % av arkivmaterialet, målt i hyllemeter, blir bevart i det vi har definert som reine arkivinstitusjonar. Arkivverket bevarer 271 570 hyllemeter (heretter: hm), og dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane bevarer til saman 266 988 hm. Dei andre arkivinstitusjonane, mellom dei Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek, Misjons- og diakoniarkivet, VID, Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Stortingsarkivet bevarer 15 037 hm. Musea og biblioteka bevarer til saman ca. 9 % av den totale arkivmengda – 55 085 hm.

Tabell 2: Hyllemeter total arkivbestand med tilvekst etter institusjonstype pr. 2020

Institusjonstype	Hyllemeter totalt	Tilvekst totalt 2020
Arkivverket	271 570	840
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	266 988	36 789
Andre arkivinstitusjonar	15 037	187
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	553 595	37 816
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	16 158	1 494
Folkebibliotek	1 318	135
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 651	109
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	19 126	1 738
Museum	35 959	1 764
SUM ALLE	608 680	41 318


Figur 4: Fordeling av hyllemeter total arkivbestand pr. 2020



Arkivinstitusjonane bevarer både offentlege arkiv og privatarkiv – arkiv etter organisasjonar, bedrifter og personar. Medan museum og bibliotek i all hovudsak bevarer privatarkiv.

Den samla tilveksten for 2020 er 41 318 hm – langt meir enn i 2019. Tilveksten er – som i 2019 – i hovudsak i dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane, som hadde ein samla tilvekst på heile 36 789 hm.² Dette er ny rekord, men det følgjer naturleg av kommune- og regionreforma at også meir analogt materiale er blitt avlevert til desse institusjonane i 2020. Arkivverket sin tilvekst har minka dei siste åra grunna mediekonvertering og pågåande gjennomgang av magasina og registreringane.³

Figur 5: Utvikling i hyllemeter total arkivbestand 2014-2020



Talet på bevarte hyllemeter arkiv totalt har auka med heile ein femdel på berre seks år.


² Samla tilvekst var på 27 029 hm i 2019. I dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane var tilveksten 21 483 hm i 2019.

³ Gjennom mediekonvertering (skanning av papirarkiv) av nyare papirarkiv forventar Arkivverket at ein stor del av papiretterslepet i statsforvaltninga vil bli levert inn digitalt.

TILRETTELEGGING FOR BRUK

Materialet som kjem inn til institusjonane må leggst til rette for bruk gjennom ordning og katalogisering.⁴ Det vil alltid vere eit visst etterslep i dette arbeidet. Delen ordna materiale avgjer kor mykje av det bevarte materialet som kan brukast. Delen varierer mellom dei ulike institusjonstypene. Total arkivbestand som er ordna og katalogisert utgjør 446 132 hm, det vil seie 73 % av total bestand. Kommunale arkiv er i mindre grad ordna og katalogisert enn statlege arkiv, og trekker totalsnittet ned. Men desse har trass i ein tilvekst på nesten 37 000 hm siste året, halde ordningsgraden sin relativt stabil og hatt ein auke til 70 %. Museum har den lågaste delen som er tilrettelagt for bruk med ein ordningsgrad på 61 %.

Figur 6: Total del hyllemeter arkiv som er ordna pr. 2020



Tabell 3: Hyllemeter total arkivbestand og del som er ordna totalt etter institusjonstype pr. 2020

Institusjonstype	Hyllemeter totalt	Hyllemeter totalt ordna	Total del som er ordna
Arkivverket	271 570	209 350	77 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	266 988	186 007	70 %
Andre arkivinstitusjonar	15 037	13 333	89 %
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	553 595	408 690	74 %
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	16 158	12 963	80 %
Folkebibliotek	1 318	1 039	79 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 651	1 346	82 %
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	19 126	15 348	80 %
Museum	35 959	22 095	61 %
SUM ALLE	608 680	446 132	73 %


Registreringssystemet Asta er det nasjonale verktøyet for forvaltning av og informasjon om historiske arkiv. I systemet registrerast opplysningar om arkivskapar og arkiv, og om bestanddelar av arkivet. For å kunne publisere denne arkivinformasjonen (kataloginformasjon) på Arkivportalen.no, og slik gjere han tilgjengeleg for publikum, er det ein føresetnad at materialet først er registrert i Asta.

⁴ Registrering av metadata om eller beskriving av innhald i arkivet.


Tabell 4: Registrerte og publiserte arkiv (kataloginformasjon) totalt etter institusjonstype pr. 2020

Institusjonstype	Tal på arkiv	Tal på arkiv registrert i Asta	Del arkiv registrert i Asta	Tal på arkiv (kataloginfo) på Arkivportalen.no	Del arkiv (kataloginfo) på Arkivportalen.no
Arkivverket	25 255	25 255	100 %	25 255	100 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	59 126	55 463	94 %	37 482	63 %
Andre arkivinstitusjonar	2 962	2 882	97 %	2 606	88 %
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	87 343	83 600	96 %	65 343	75 %
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	7 940	1 521	19 %	1 277	16 %
Folkebibliotek	1 566	185	12 %	93	6 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	2 079	517	25 %	297	14 %
SUM BIBLIOTEK /LOKALHISTORISKE ARKIV	11 585	2 223	19 %	1 667	14 %
Museum	20 149	11 568	57 %	5 562	28 %
SUM ALLE	119 077	97 391	82 %	72 572	61 %

Figur 7: Del arkiv totalt som er registrert i fagsystemet Asta pr. 2020




Figur 8: Del arkiv (kataloginformasjon) totalt som er publisert på Arkivportalen.no pr. 2020



Arkivverket har registrert alle arkiva sine i Asta, og det høge talet registrerte arkivstykke og mapper viser òg eit høgt nivå av detaljregistrering av dei ulike bestanddelane av arkiva. Andre arkivinstitusjonar har registrert heile 97 % av arkiva, og publisert informasjon om 88 % (+ 12 prosentpoeng i 2020).


Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane har totalt sett registrert flest arkiv i Asta, men har diverre publisert informasjon om berre 63 % (+ 9 prosentpoeng i 2020) av arkiva sine på Arkivportalen.no. Musea har registrert 57 % av arkiva, men berre publisert informasjon om 28 % (+ 3 prosentpoeng i 2020). Biblioteka har registrert ein veldig liten del av sine arkiv i Asta, der berre i snitt ca. 19 % av arkiva dei oppbevarer er registrerte i Asta og berre 14 % (+ 2 prosentpoeng i 2020) av dei er på Arkivportalen.no. Nasjonalbiblioteket oppbevarer i alt heile 6 260 arkiv (privatarkiv), men har ikkje registrert desse i Asta.

Figur 9: Del registrerte og publiserte arkiv (kataloginformasjon) etter institusjonstype pr. 2020



Det er generelt mange museum og bibliotek, som har privatarkiv, som enno ikkje har tatt i bruk Asta, langt mindre publiserer informasjon om arkiva sine på Arkivportalen.no. Men det er også eit stort etterslep på publisering av informasjon om arkiva i (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar. Men delen som er publisert har auka jamt dei siste åra. I 2020 har publiseringssiden auka til 61 % i snitt, ein auke på 5 prosentpoeng. Særleg andre arkivinstitusjonar og dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane har gjort ein god del publiseringsarbeid i korona-året 2020. Dei siste fire åra har publiseringsgraden auka med 16 prosentpoeng.

Figur 10: : Utvikling i del registrerte og publiserte arkiv (kataloginformasjon) totalt 2016-2020



DIGITALISERING AV PAPIRMATERIALE


Som tidlegare år har Arkivverket den største mengda digitaliserte sider, men dei kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonane kjem godt etter. I 2020 auka talet på digitaliserte sider med nær 11 millionar – nær ei dobling frå 2019. Heile auken kom i Arkivverket. Alle andre har oppgitt færre digitaliserte sider i 2020 enn i 2019. Men tala har vore varierende frå år til år, også innanfor same bevaringsinstitusjon.

Tabell 5: Digitaliserte sider totalt og del av totalbestand som er digitalisert etter institusjonstype pr. 2020

Institusjonstype	Hyllemeter totalt	Sider totalt (overslag: 10 000 sider pr. hm)	Digitaliserte sider	Del av papirarkiv som er digitalisert
Arkivverket	271 570	2 715 700 000	74 790 102	2,8 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	266 988	2 669 880 000	24 736 203	0,9 %
Andre arkivinstitusjonar	15 037	150 370 000	169 300	0,1 %
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	553 595	5 535 950 000	99 695 605	1,8 %
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	16 158	161 580 000	22 071	0,0 %
Folkebibliotek	1 318	13 180 000	11 367	0,1 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 651	16 510 000	4 627	0,0 %
SUM BIBLIOTEK/ LOKALHISTORISKE ARKIV	19 126	191 260 000	38 065	0,0 %
Museum	35 959	359 590 000	735 961	0,2 %
SUM ALLE	608 680	6 086 800 000	100 469 631	1,7 %

Ein del (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar driv digitaliseringstenester for forvaltninga. Nokre forvaltar dei nye digitale originalane sjølve og tel dei til statistikken. Andre tel ikkje dette som sider dersom det digitaliserte materialet er sendt tilbake til eigarkommunane for bruk i kommunal sakshandsaming.


Figur 11: : Utvikling i digitalisering av sider (papir) totalt 2016-2020



OPPBEVARINGSFORHOLD

For bevaringsinstitusjonane er det ei viktig oppgåve å sikre det fysiske arkivmateriale mot forhold som kan redusere kvaliteten eller tilgjengelegheita. Institusjonane får spørsmål om det er registrert skadar siste året, og om materialet det siste året har vore tilstrekkeleg sikra. I tillegg får dei eit eige spørsmål om spesiell sikring av audiovisuelt materiale (sjå eige kapittel).

Figur 12: Registrert skade i arkivlokala til bevaringsinstitusjonane i 2020




Av alle bevaringsinstitusjonane har ti registrert skade etter vassinntrenging eller vasskade, og tjue har registrert skade som heng saman med klimatiske tilhøve i magasin siste året.

Arkivlokale i arkivinstitusjonar

Arkivlokala i arkivinstitusjonane er i hovudsak godt sikra mot dei fleste forhold, men vi ser klimatiske forhold byr på størst utfordringar – fire av arkivinstitusjonane har ikkje god nok sikring mot klimatiske forhold. Ein institusjon er ikkje sikra godt nok mot fukt.

Figur 13: Sikring av arkivlokale i arkivinstitusjonar pr. 2020




Arkivinstitusjonane er også bedne om å gi eit overslag over ledig magasinkapasitet. Den ledige plassen dei har til å ta imot nytt arkivmateriale er på til saman 112 975 hm. Gjennom mediekonvertering (skanning av papirarkiv) av nyare papirarkiv forventar Arkivverket at ein stor del av papiretterslepet i statsforvaltninga vil bli levert inn digitalt. Riksarkivaren si årlege undersøking av kommunale arkivtenester for 2016 melde om rundt 240 000 hm papirarkiv ute i kommunane.⁵ Sidan er 48 000 hyllemeter kommunalt arkivmateriale levert inn til arkivinstitusjonane, så det finst kan hende eit etterslep på 190 000 hm. I tillegg er det eit stort etterslep på bevaring av privatarkiv.

⁵ Sjå: Arkivverket: Riksarkivarens undersøkelse for kommunale arkivtjenester 2016, <https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/tall-og-data-statistikk/kommunearkiver/tidligere-ar-publikasjoner-og-radata>

Arkivlokale i arkivinstitusjonar

I bibliotek og museum er den generelle sikringa av arkivlokala dårlegare enn for arkivinstitusjonane. 85 av institusjonane har sikra lokala mot brann, 98 mot skadeverk, innbrot og tilgjenge. Berre 70 av dei spurde 118 institusjonane har sikra lokala mot klimatiske forhold og 74 institusjonar mot fukt. Rundt 20 institusjonar veit heller ikkje om lokala er sikra godt nok. Fleire museum melder likevel at oppbevaringsforholda varierer frå avdeling til avdeling.

Figur 14: Sikring av arkivlokale i bibliotek og museum pr. 2020



BEVARTE

PRIVATARKIV


Privatarkiv – arkiv skapt av organisasjonar, bedrifter og privatpersonar - blir bevart gjennom frivillig overlevering til ein bevaringsinstitusjon. Det er opp til den einstilte private aktøren å inngå avtale om dette. Institusjonane vel aktivt ut kva for aktørar dei vil bevare arkivet til – motsett offentleg sektor der alle aktørar blir vurderte og noko bevart. Ofte har bevaringsinstitusjonane tatt imot privatarkiv om dei har hatt ressursar til det. Sær mange bevaringsinstitusjonar av alle typar tar vare på privatarkiv – i alt 142 av dei 150 spurte svarer dei tar vare på privatarkiv. Men mange av desse arkiva er små, og den einstilte institusjonen har ofte ei lita mengde privatarkivmateriale. Svært få har tatt imot digitalt skapte privatarkiv.

BESTAND, TILVEKST OG TAL PÅ PRIVATARKIV

Total bestand av privatarkiv er på 134 796 om ein reknar i hyllemeter. Samla rapportert tilvekst for privatarkiv i 2020 var 5 334 hm. Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane hadde òg størst tilvekst av privatarkiv. Det var ved utgangen av 2020 bevart berre 454 arkivuttrekk⁶ frå private aktørar i dei ulike bevaringsinstitusjonane.


⁶ Eit arkivuttrekk er definert som det datainnhaldet som skal hentast ut av eit system og inngå som hovuddel i arkivversjonen

Figur 15: Utvikling av hyllemeter bevarte privatarkiv og totalt 2014-2020



Privatarkiv har i hyllemeter auka med 23 % sidan 2014, mens totalmengda har auka med 20,5 %.


Figur 16: Fordeling av arkivbestand i hyllemeter mellom privatarkiv og offentlege arkiv pr. 2020



* Forholdet mellom mengde offentlege arkiv og privatarkiv oppgitt. Oppgitt totalbestand er 909 hm større enn dei to kategoriane til saman.

Privatarkiv utgjør no 22,2 % av den bevarte bestanden av offentlege og private arkiv i hyllemeter i Noreg, om lag som i 2014. Prosentdelen auka nokre år, men mottak av større etterslep frå (fylkes)kommunal sektor har utjamna denne auken (Figur 17).

Figur 17: Utvikling i del privatarkiv av total arkivbestand 2014-2020



Samstundes bevarer institusjonane samla sett omtrent like mange arkiv som er frå private aktørar som frå offentlege aktørar. Talet på bevarte arkiv frå privat sektor er i overkant av 55 000 – eller heile 52 % av dei bevarte enkeltarkiva. Det viser at dei bevarte privatarkiva stort sett i snitt er mykje mindre enn dei offentlege arkiva. Men ingen av desse måla seier noko om kvaliteten på arkiva som er bevart.

Tabell 6: Privatarkivbestand - hyllemeter, tilvekst, tal på arkiv etter institusjonstype pr. 2020

Institusjonstype	Hyllemeter privatarkiv	Tilvekst hyllemeter privatarkiv 2020	Tal på privatarkiv
Arkivverket	38 037	-108*	10 257
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	33 086	1 826	13 309
Andre arkivinstitusjonar	13 035	416	2 878
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	84 158	2 134	26 444
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	16 144	1 494	7 929
Folkebibliotek	1 267	105	1 510
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 275	108	1 740
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	18 686	1 707	11 179
Museum	31 952	1 494	19 307
SUM ALLE	134 796	5 334	56 930

* Arkivverkets samla bestand av privatarkiv blei redusert med 108 hm etter gjennomgang av magasin/registreringar (netto tilvekst), men reell tilvekst av nye privatarkiv i 2020 var eigentleg på 725 hm.


Vi veit lite om kor komplette alle dei bevarte privatarkiva er. Nokre av arkiva er berre brokkar av arkiv.⁷ Aller viktigast er likevel kva for utval av privatarkiv som er bevart. Er det representativt for privat samfunnssektor i Noreg? Ei systematisk tilnærming til slike spørsmål er relativt nytt i bevaringa av privatarkiv. Først i 2015 fekk vi Nasjonal strategi for privatarkivarbeidet der utvikling av bevaringsplanar og proaktiv innsamling er ein viktig del.⁸ Riksarkivaren sine utviklingsmidlar har vore nytta til å utvikle fleire regionale bevaringsplanar for privatarkiv sidan.⁹

⁷ Jf. rapporten ABM-skrift #40. Til kildene! Kartlegging av regionale og lokale arkiver (Kulturrådet, 2007).

⁸ Arkivverket. Nasjonal strategi for privatarkivarbeidet, <https://www.arkivverket.no/for-arkiveiere/arkiver-fra-privat-sektor/nasjonal-strategi-for-privatarkivarbeidet>

⁹ Dette er tippemidlar, som Arkivverket forvaltar.

Figur 18: Fordeling av privatarkivbestand etter institusjonstype i hyllemeter pr. 2020




Fordelinga av privatarkivbestanden mellom typar bevaringsinstitusjonar rekna i hyllemeter er heilt annleis enn for totalbestanden av arkiv. Det er for privatarkiv ei meir lik fordeling i hyllemeter mellom Arkivverket, (fylkes) kommunale arkivinstitusjonar og museum. Mens andre arkivinstitusjonar har om lag 10 % av bestanden av privatarkiv, har bibliotek og lokalhistoriske arkiv om lag 14 %.

Av talet på arkiv frå privat sektor som er bevart, går det fram at arkivinstitusjonane stort sett tar vare på meir voluminøse arkiv enn bibliotek og museum som i snitt har mange mindre privatarkiv.


TILRETTELEGGING FOR BRUK

Ikkje alle privatarkiv som er bevart er tilrettelagt for bruk. Dei er i mindre grad enn offentlege arkiv ordna og registrerte i fagsystem; og informasjonen om arkiva er i mindre grad publisert på den nasjonale tenesta for kataloginformasjon, Arkivportalen.no. Dette gjer det desto vanskelegare for alle slags brukarar å finne ut kva som er bevart og kor ein kan finne det.

Figur 19: Del hyllemeter privatarkiv som er ordna pr. 2020



Figur 20: Del privatarkiv (kataloginfo) publisert på Arkivportalen.no pr. 2020



Arkivmateriale må vere ordna og katalogisert for å vere mogleg å finne fram i. Det er alltid eit visst etterslep i ordning og katalogisering. Men dette er langt større for privatarkiv enn for offentlege arkiv. Status i 2020 er altså at litt under ein tredel av arkiva frå private aktørar ikkje er ordna. Meir alvorleg er at informasjon om at privatarkiva finst bevart er tilgjengeleg på den nasjonale tenesta for berre 48 % av privatarkiva.

Tabell 7: Privatarbivbestand – ordning, tal på arkiv, publiserte privatarbiv (kataloginfo) med del etter institusjonstype pr. 2020


Institusjonstype	Privatarbiv del av hm som er ordna	Tal på arkiv privat	Tal arkiv privat (katalogar) publisert på Arkivportalen.no*	Del arkiv privat publisert på Arkivportalen.no
Arkivverket	71 %	10 257		
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	56 %	13 309		
Andre arkivinstitusjonar	89 %	2 878		
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	68 %	26 444		
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	80 %	7 929		
Folkebibliotek	79 %	1 510		
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	86 %	1 740		
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	81 %	11 179		
Museum	65 %	19 307		
SUM ALLE	69 %	56 930	27 279	48 %

* Tal henta direkte frå Arkivportalen.no 31.12.20 – tal for publiserte privatarbiv er ikkje rapportert inn i arkivstatistikken av institusjonane

Vi har ikkje tal på publiseringane av kataloginformasjon om privatarbiv spesielt på Arkivportalen.no frå kvar einskild institusjon. Det vi får rapportert er at Arkivverket har publisert størstedelen av arkiva på Arkivportalen.no. Deretter kjem andre arkivinstitusjonar og (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar. Tala viser at bibliotek og museum - som i all hovudsak berre bevarer privatarbiv - er institusjonstypene som publiserer minst materiale. Spesielt gjeld dette for biblioteka, der i snitt berre kataloginformasjon om 14 % av arkiva dei oppbevarer er registrerte i Asta og publiserte på Arkivportalen.no. Musea har publisert informasjon om 28 % av arkiva sine. Museum og bibliotek har så å seie berre privatarbiv, og desse er det for brukarar nær uråd å vite at finst, om det ikkje er enkelt å søke opp informasjon.

Likevel ser vi ein god auke i publiserte privatarbiv på Arkivportalen.no på i underkant av 12 % i 2020. Så relevant informasjon om bevarte privatarbiv er blitt meir tilgjengeleg for alle typar brukarar siste året. Talet på publiserte privatarbiv (kataloginformasjon) er framleis lågt, men delen har gått opp frå 35 til 48 % dei siste fire åra. Arbeidet med regionale bevaringsplanar for privatarbiv, samt regional og nasjonal koordinering har ført til ein viss auke.

Figur 21: Utvikling i del av privatarbiv (kataloginformasjon) publisert på Arkivportalen.no 2016-2020



DIGITALT SKAPT PRIVATARKIVMATERIALE

Ved utgangen av 2020 var oppgitt bevart 454 arkivuttrekk frå private aktørar i dei ulike bevaringsinstitusjonane. Dette er relativt lite, og kva er det eigentleg?


Med arkivuttrekk meiner ein det datainnhaldet som skal hentast ut av eit system og inngå som hovuddel i arkivversjonen og langtidsbevarast i eit digitalt depot. I offentleg forvaltning og i institusjonane som er depot for offentleg materiale er «arkivuttrekk» eit kjent omgrep. Digitalt skapt materiale frå private aktørar kjem som regel inn til bevaringsinstitusjonane som lause filstrukturar på harddisk, minnepinne, cd-rom eller liknande. Derfor er det nok heller alle slike digitale førekomstar av arkiv ein del institusjonar har oppgitt som private uttrekk. Desse har hittil sjeldan komme inn i ein struktur som er eigna for langtidslagring.

Tabell 8: Digitalt skapt privatarkivmateriale totalt pr. 2020 etter institusjonstype

Institusjonstype	Private uttrekk
Arkivverket	62
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	31
Andre arkivinstitusjonar	10
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	103
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	33
Folkebibliotek	4
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	6
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	43
Museum	308
SUM ALLE	454

Om vi vurderer også mengde Gigabytes (GB), ser vi at biletet er noko annleis, også for privatarkiv. Den største mengda data har Norsk senter for folkemusikk og folkedans som oppbevarer mykje foto-, lyd- og film/videomateriale – eit materiale som tar mykje plass - 19 752 GB.

Figur 22: Utvikling i talet på uttrekk av privatarkiv 2014-2020



Figur 22 viser utviklinga i tal på bevarte arkivuttrekk i perioden 2014 til 2020. Totalt er det bevart 3 899 uttrekk. Talet på uttrekk har auka med nær 110 %. Talet på uttrekk frå private aktørar har i den same perioden auka frå 10 til 454. Men jamført med talet for offentlig sektor er det eit lågt samla tal for privatarkiv som syner at bevaring av digitalt skapte privatarkiv er komme svært kort.

INSTITUSJONANE MED MEST PRIVATARKIV

Vi kan sjå nærare på dei største institusjonane på privatarkivfeltet, som vi i utgangspunktet må vurdere ut frå talet på hyllemeter privatarkiv. Samanstillinga viser at dei 15 største institusjonane på feltet bevarer 74 % av materialet. Alle dei resterande 127 bevaringsinstitusjonane med privatarkiv i statistikken har mindre bestandar av privatarkiv, heilt ned i éin hyllemeter.

Vi får òg store forskjellar i korleis bestanden er sett saman, jf. tabell 9. Ofte har dei med mange hyllemeter privatarkiv også mange arkiv bevart. Men ein ser ein tydeleg variasjon i storleiken på arkiva. T.d. har Nasjonalbiblioteket særskilte mange små arkiv, mens Arkivverket har fleire større.

Talgrunnlaget for bevarte uttrekk frå private aktørar er nok for spinkelt til å gjere anna enn å konkludere med at det lille som er bevart, er bevart av nokre få institusjonar, og mykje av det er kan hende ikkje reelle uttrekk – f.eks det relativt høge talet på uttrekk oppgitt frå ein del museum samanlikna med det låge talet på GB (2 482 GB for alle musea). Arkivverket har bevart 62 uttrekk frå private aktørar og Nasjonalbiblioteket 28. Vi ser også at arkivinstitusjonar som Bergen byarkiv har bevart eit titals uttrekk frå private aktørar, Innlandet fylkesarkiv 8 og Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek 7.

Det er òg interessant å sjå på talet for GB totalt¹⁰ bevart i institusjonane som bevarer privatarkiv opp mot talet på uttrekk frå private aktørar.

¹⁰ GB kan vere både digitalt skapt og digitalisert materiale frå offentlig og privat sektor.

Tabell 9: Oversikt over institusjonane som har flest hyllemeter privatarkiv pr. 2020, jf. med tal på arkiv og uttrekk frå private aktørar. Total arkivbestand i hm i institusjonen i grått.

Nr	Institusjonstype	Privatarkiv bestand hm	Privatarkiv tal på arkiv	Bevarte uttrekk frå private aktørar*	Total bestand hm
1	Arkivverket	38 037	10 257	62	271 570
2	Bergen byarkiv	12 556	2 847	10	42 254
3	Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	8 465	2 189	7	8 465
4	Nasjonalbiblioteket	7 720	6 250	28	7 720
5	Universitetsbiblioteket i Bergen (inkl. Skeivt arkiv og Spesialsamlingene)	5 114	153	0	5 114
6	Vestfoldarkivet	4 296	1 868	1	6 337
7	Aust-Agder museum og arkiv	3 397	1 847	3	10 050
8	Arkiv i Nordland	3 221	1 095	0	11 484
9	Østfoldmuseene	2 695	1 092	7	2 778
10	Misjons- og diakoniarkivet, VID	2 667	523	0	2 667
11	NTNU Universitetsbiblioteket i Trondheim	2 625	644	0	2 625
12	Oslo byarkiv	2 552	439	0	23 458
13	Stiftelsen Lillehammer museum (inkl. Opplandsarkivet, avd. Maihaugen)	2 400	1 950	0	2 400
14	AAT-NIA (Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark / Norsk Industrierbeidermuseum)	2 245	988	0	2 245
15	Telemark Museum	1 736	628	0	1 736
	SUM PRIVATARKIV 15 STØRSTE	99 726	32 770	118	400 903

*Med uttrekk meiner ein det datainnhaldet som skal hentast ut av eit system og inngå som hovuddel i arkivversjonen. Vi forstår det likevel slik at arkivinstitusjonar rapporterer om uttrekk som følgjer standarden, mens museum og bibliotek nemner alle digitale førekomstar av arkiv, t.d. på minnepinnar ol.
 Dei 15 største har 74 % av den samla privatarkivbestanden i hyllemeter. Samstundes har 8 av desse institusjonane ikkje bevart uttrekk frå private aktørar.

Det er òg interessant å sjå på talet for GB totalt¹¹ bevart i institusjonane som bevarer privatarkiv opp mot talet på uttrekk frå private aktørar. Mengda uttrekk samsvarer ofte ikkje med talet på GB, typen bevart materiale – som stor del audiovisuelt materiale - spiller inn. Ser ein på dette i forhold til hyllemeter privatarkiv, gjer institusjonar med færre hyllemeter privatarkiv seg meir gjeldande på bevaring av digitalt skapt privatarkivmateriale.

Tabell 10: Oversikt over institusjonar som har flest oppgitte uttrekk frå private aktørar og bevarte GB (totalt) i 2019. Tal på hm privatarkiv i institusjonen i grått.

Nr	Namn på institusjon	Bevarte uttrekk frå offentlege/private aktørar	Bevarte GB totalt i institusjon*	Privatarkiv bestand hm
1	Arkivverket	1540 / 62	30 000	38 037
2	Innlandet fylkesarkiv	277 / 8	9 361	770
3	Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	0 / 7	1 573	8 465
4	Stavanger byarkiv	23 / 6	1 639	1 136
5	Aust-Agder museum og arkiv	55 / 3	2 355	3 397
6	Norsk senter for folkemusikk og folkedans	0 / 3	19 752	631
7	IKA Møre og Romsdal	293 / 1	2 653	170

* For institusjonar med meir enn 1 500 GB og som samstundes oppgir uttrekk frå private aktørar.

¹¹ GB kan vere både digitalt skapt og digitalisert materiale frå offentleg og privat sektor

AUDIOVISUELT ARKIVMATERIALE

Audiovisuelt arkivmateriale er eit omgrep nytta som samlenemning for materiale som fotografi, lyd og film i forskjellige format (heretter kalla AV-materiale). Arkivstatistikken har i fleire år henta inn tal for denne type materiale, og desse har vist at institusjonane har rikholdige samlingar. For 2020 rapporterer 99 bevaringsinstitusjonar at dei har lydmateriale, og 92 at dei har film/video. 58 av institusjonane rapporterer at dei har digitalisert lyd, og 48 at dei har digitalisert film/video. Omfanget varierer frå eitt opptak til fleire hundre tusen.

Det har lenge vore utfordrande å hente inn gode tal over AV-materiale hos norske bevaringsinstitusjonar. Årsaka til dette har vore samansett. Mange institusjonar har hatt for dårleg oversikt over den audiovisuelle delen av samlinga då materialet har vore lite tilgjengeleg m.a. grunna format. Arkivstatistikken ber bevaringsinstitusjonane om å rapportere AV-materiale i éin av tre forskjellige einingar – opptak, fysiske einingar (berarar) eller timar. Dette gjer det årvisse samanlikningsgrunnlaget problematisk då enkelte institusjonar rapporterer materiale i forskjellig eining frå år til år. Det kan somtid også vere uklårt om institusjonane rapporterer det same materiale fleire gangar i forskjellige einingar, enno dette er forsøkt klargjort i forklaringa til rapporteringa. Ein del institusjonar let dessutan vere å svare på delen som gjeld AV-materiale, anten fordi dei melder at dette vert rapportert til museumsstatistikken eller fordi dei ikkje har god nok oversikt. Der institusjonar rapporterte på denne delen føregåande år, fører dette til dels til store utslag ved årvisse samanlikning. Alle desse faktorane gjer at det kan vere grunn til å lese tala med omhug.

I 2019 sendte Kulturrådet ut ei rettleiing til musea i Noreg for å klargjere kva materiale som skal rapporterast til kva statistikk. Ved førre måling resulterte dette i ein kraftig nedgang i innrapportert foto til arkivstatistikken. Også denne gang kan det sjå ut til at fleire museum har endra rapporteringsrutinane i høve Kulturrådet sin rettleiar, noko som gjev utslag i den årvisse statistikken.

Elles avdekkjer statistikken også for 2020 at mykje AV-materiale framleis ikkje vert lagra under eigna oppbevaringstilhøve. Då AV-materiale er særleg utsett for nedbryting, følgjer vi ekstra nøye med på tala for oppbevaringstilhøva og digitaliseringa av denne type materiale.

FOTO

Dei norske bevaringsinstitusjonane rapporterer at dei bevarer mykje foto. Til saman er om lag 28,5 millionar fotografi rapportert inn til arkivstatistikken. Fleire museum rapporterer fotobestanden til museumsstatistikken. Som forklart over har Kulturrådet forsøkt å rettleie musea slik at foto som rapporterast til arkivstatistikken (foto i privatarkiv) skiljast frå foto som rapporterast til museumsstatistikken. Dette har gjort at rapporteringsrutinane nok er meir konsekvente ved denne målinga, samstundes som dette gjer det vanskeleg dersom ein samanliknar bestanden frå tidlegare år.

Tabell 11: Foto totalt, registrert og digitalisert etter institusjonstype pr. 2020

Institusjonstype	Foto totalt	Foto registrert i katalogsystem	Foto digitalisert	Del av foto som er digitalisert
Arkivverket	6 550 479	160 000	162 286	2,5 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	10 241 996	1 177 565	568 822	5,6 %
Andre arkivinstitusjonar	5 403 772	770 442	116 288	2,2 %
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	22 196 247	2 108 007	847 396	3,8 %
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	2 550 947	327 769	161 198	6,3 %
Folkebibliotek	67 259	46 703	64 960	96,6 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	436 491	94 581	224 696	51,5 %
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	3 054 697	469 053	450 854	14,8 %
Museum	3 292 538	1 001 418	518 548	15,7 %
SUM ALLE	28 543 482	3 578 478	1 816 798	6,4 %

Når tala for fotoregistrering, både hos museum og bibliotek og lokalhistoriske arkiv, har hatt ei negativ utvikling det siste året, skuldast nok dette endra rutinar i rapporteringa hos enkelte bevaringsinstitusjonar. Tre museum melder at dei ikkje lengre rapporterer foto i arkivstatistikken. Fotobestanden deira utgjorde 1,6 million foto åleine i 2019. Tek ein desse tala ut av statistikken, viser analysen ein vekst på rundt ½ million foto frå 2019 til 2020. Også i statistikken over digitaliserte foto har fleire institusjonar latt vere å rapportere sine tal. Dette får utviklinga i bestanden til å sjå negativ ut, når den i praksis ikkje er det.

Fotobestanden har hatt størst vekst innanfor dei (fylkes)kommunale bevaringsinstitusjonane med heile 2,3 millionar foto. Noko skuldast revidering av tala frå føregåande år, men den største veksten ser ut til å skuldast nytt tilfang.

Berre 6,4 % av den totale fotobestanden er digitalisert.

LYD OG FILM

Arkivstatistikken spør institusjonane om bevaring av film og lyd. For at statistikken skal bli mest mogleg presis har ein forsøkt å ta omsyn til at institusjonar har registrert denne type materiale i forskjellige måleeiningar. I dei seinare åra er institusjonane bedne om å rapportere tal for opptak, fysiske einingar (berarar) eller timar.

Nasjonalbiblioteket fekk midlar til kartlegging av AV-materialet hos norske bevaringsinstitusjonar i 2018. Dette førte til at denne type materiale fekk auka fokus, noko som gav utslag i statistikken då mange institusjonar nytta høvet til å gjennomgå samlingane meir systematisk.

Tabell 12: Lyd totalt og digitalisert etter institusjonstype pr. 2020

Institusjonstype	Lydopptak totalt	Lydopptak digitalisert	Lydberarar totalt	Lydberarar digitalisert	Lyd timar totalt	Lyd timar digitalisert
Arkivverket	24 437	7 017	7 750	3 140	-	6 630
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	23 051	15 813	10 222	917	-	2
Andre arkivinstitusjonar	1 022	2 420	220 849	5	-	1 307
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	48 510	25 250	238 821	4 062	-	7 939
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	76 037	65 051	797	240 025	1 662	532
Folkebibliotek	289	27	223	-	324	245
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	2 615	248	1 119	6	10	-
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	78 941	65 326	2 139	240 031	1 996	777
Museum	83 756	56 696	41 818	9 313	1 577	-
SUM ALLE	211 207	147 272	282 778	253 406	3 572	8 716

Dei største endringane i rapporteringa for lyd ser ut til å skuldast endringar i rapporteringsrutinane hos enkelte institusjonar og mangel på innrapportering hos andre. Nasjonalbiblioteket rapporterte 240 000 digitaliserte lydberarar i 2020, medan dei rapporterte 0 i 2019. I 2019 rapporterte dei 230 000 lydberarar totalt, medan dei rapporterte 0 i 2020. Fleire museum rapporterer om auke i lyd i alle måleeiningar, men fleire av desse rapporterte ikkje på dette ved førre måling. Misjons- og diakoniarkivet, VID rapporterte 10 000 timar lyd i 2019, og 0 timar i 2020, noko som fører til ei negativ utvikling på 9683 timar totalt.

Lydopptak, lydberarar og lydtimar er digitalisert i langt høgare grad enn fotografia i norske bevaringsinstitusjonar.

Tabell 13: Film/video totalt og digitalisert etter institusjonstype pr. 2020

Institusjonstype	Film/video-opptak totalt	Film/video-opptak digitalisert	Film/video-berarar totalt	Film/video-berarar digitalisert	Film/video timar totalt	Film/video timar digitalisert
Arkivverket	336	255	4 542	86	-	51
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	10 144	299	3 909	297	20	6
Andre arkivinstitusjonar	698	310	15 208	48	-	2 167
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	11 178	864	23 659	431	20	2 224
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	183	45	1 105	102	304	37
Folkebibliotek	417	115	170	70	72	20
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	260	30	3 717	1 705	-	-
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	860	190	4 992	1 877	376	57
Museum	5 812	2 201	31 469	1 261	335	14
SUM ALLE	17 850	3 255	60 120	3 569	731	2 295


Også for film og video skuldast dei største årvisse variasjonane endringar i rapporteringsrutinane. Talet på film/ videoopptak i museum totalt er halvert frå førre måling, noko som åleine skuldast mangel på rapportering frå to museum som har store samlingar av film/video-materiale. Talet på film/videoberarar totalt i museum har auka med 14 133, men her står eitt museum for vekst på 13 000 berarar åleine, noko som truleg dreier seg om feilrapportering for 2019.

Det er gledeleg å sjå at fleire institusjonar kommenterer at dei planlegg å gjennomgå samlingane meir systematisk framover, samt jobbe med digitalisering av materialet.

LAGRINGSFORHOLD FOR AUDIOVISUELT ARKIVMATERIALE

Då audiovisuelt materiale er sårbart og brytast ned raskt, spør arkivstatistikken om lagringsforhold for materialet. Som i tidlegare år syner svara at lagringsforholda for AV-materialet er best hos arkivinstitusjonane der 52 % svarer at lokala har eigna lagringsforhold – ein oppgang frå 45 % i 2019. For bibliotek og museum svarer 26 % av institusjonane at dei har gode nok lagringsforhold – ein oppgang frå 21 % frå føregåande år.

Figur 23: Er lagringsforholda for audiovisuelt arkivmateriale tilfredsstillande? Etter institusjonstype pr. 2020




TILGJENGE OG BRUK

TILGJENGE TIL ARKIVKATALOGAR PÅ LESESAL OG NETT


Ein arkivkatalog inneheld viktige opplysningar om kva eit arkiv inneheld; derfor spelar tilgjenge og kvaliteten på arkivkatalogane framleis ei viktig rolle, også i ei tid der mange av kjeldene er å finne digitalisert og på nett. Heile 25 av arkivinstitusjonane svarer at dei har arkivkatalogar tilgjengelege på lesesal, mens av biblioteka og musea har 77 av dei arkivkatalogar tilgjengelege for publikum.

Figur 24: Institusjonar med arkiv (kataloginfo) tilgjengeleg på lesesal etter institusjonstype pr. 2020



Før brukarane kjem på lesesalane, treng dei å vite kvar arkivmaterialet dei leitar etter finst og kva som finst. Arkivportalen er ein nasjonal publiserings- og søkjeteneste til arkivkatalogar for bevaringsinstitusjonane. 44 % av bevaringsinstitusjonane svarer at dei publiserer på Arkivportalen, det er det same talet som føregåande år. Som tidlegare er skilnaden stor mellom arkivinstitusjonane med 82 %, og bibliotek og museum med 35 %. Fleire svarer at dei gjer informasjonen tilgjengeleg på andre stader enn Arkivportalen; 28 % på eigen nettstad og 18 % på andre nettstader. I tillegg kjem heile 51 % som ikkje gjer arkivkatalogane tilgjengelege digitalt. Her har det vore ein auke frå 48 % i 2019.

Figur 25: Institusjonar som gir tilgjenge til arkiv (kataloginfo) på nett etter institusjonstype pr. 2020



BESØK, UTLÅN OG FØRESPURNADER PÅ LESESAL

Tala på lesesalsbesøk syner også i 2020 ein nedgang. Til forskjell frå tidlegare år, kan mykje forklarast med koronaviruset og nedlukkinga som følgde. Førespurnader skil seg her ut, og til forskjell frå dei seinaste åra, har det vore ein auke på 3 725 førespurnader frå føregåande år.

Figur 26: Utvikling i førespurnader og lesesalsbesøk 2014-2020



Går ein inn i tabellen, fortsett tendensen i dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane med ein auke i førespurnader, og særleg gjeld det førespurnader om eigedom og dokumentasjon av rettar som aukar med 4 810.

Tabell 14: Tal på besøk, utlån og førespurnader på lesesal etter institusjonstype i 2020


Institusjonstype	Besøk på lesesal	Utlånte arkivstykke	Førespurnader totalt	Førespurnader om eigedom og dokumentasjon av rettar
Arkivverket	6 070	22 323	22 070	15 478
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	3 361	6 206	30 932	22 168
Andre arkivinstitusjonar	547	2 548	1 108	30
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	9 978	31 077	54 110	37 676
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	1 151	2 923	2 098	1
Folkebibliotek	299	98	197	44
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	439	130	835	4
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	1 889	3 151	3 130	49
Museum	2 064	1 792	5 796	53
SUM ALLE	13 931	36 020	63 036	37 778

PUBLISERING OG BRUK AV DIGITALISERT ARKIVMATERIALE

I statsbudsjettet for 2020 vedtok Stortinget at Digitalarkivet skal vere nasjonal fellesløsning for bevaring og publisering av historiske arkiv i Noreg. Arkivverket eig og forvaltar Digitalarkivet, og allereie i 2019 opna Digitalarkivet for publisering frå alle bevaringsinstitusjonane i Noreg. Arkivverket held derfor oversyn med kven av og kor mange bevaringsinstitusjonar som publiserer kjeldene sine i Digitalarkivet. Ved utgangen av 2020 var det til saman 31 bevaringsinstitusjonar som gjer arkiva sine tilgjengelege på Digitalarkivet. Det er ein auke på 5 frå 2019.¹²

Med ei målsetting om at brukarane skal finne all historisk arkivinformasjon i bevaringsinstitusjonane frå stat, kommune og privat sektor samla på ein stad, ynskjer Arkivverket å vite meir om kor bevaringsinstitusjonane publiserer arkiva i dag. Svara i arkivstatistikken viser at det er eit stykke igjen før ein kan finne kjelder i eit felles søk på nett.


Figur 27: Kvar publiserer institusjonen sitt digitaliserte arkivmateriale? Pr. 2020



28 av bevaringsinstitusjonane oppgir at dei publiserer i Digitalarkivet. 14 av dei som har svart bruker Fotoweb og heile 45 bruker Digitalt museum. Arkivportalen har også løysingar for digitaliserte dokument, som 36 svarer at dei bruker. Mange bruker fleire plattformer, og derfor opnar spørsmålet for å krysse av på fleire svaralternativ. Svara viser at publikum i dag må leite på mange forskjellige stader for å finne kjelder på nett.

¹² Talet på kor mange som publiserer på Digitalarkivet er henta frå Arkivverket sin årsrapport for 2020. Av dei 31 svarer 28 til arkivstatistikken at dei publiserer i Digitalarkivet.

Figur 28: Utvikling i besøk på Digitalarkivet 2014-2020



Ser ein på bruk og besøk i Digitalarkivet, fortsett den positive tendensen i kor mange som besøker Digitalarkivet. I 2020 viser talet på besøk heile 7,4 millionar, som er ein auke på 1,2 millionar på berre eitt år. Auken i årlege unike brukarar er kanskje enda meir markant, og utgjør 500 000 brukarar frå 2019 til 2020.¹³

¹³ Tala for utviklinga i besøk i Digitalarkivet er henta frå Arkivverkets årsrapport for 2020 og føregåande år. Talet for 2019 er justert ned i forhold til rapporteringa for 2019. Tal på unike brukarar i 2019 var berekna feil, og har blitt retta opp. Talet var då 1,4 millionar og ga ein auke på 40 % frå 2018 til 2019. Det var framleis ein auke frå 2018 til 2019, men nedjustert til talet 1,1 og ein auke på 10 %.

ÅRSVERK OG ØKONOMI

Det er stor aktivitet knytt til bevaring, forvaltning og formidling av arkiv i dei norske bevaringsinstitusjonane. For å utføre dette arbeidet hadde institusjonane i 2020 samla sett tilsette som utførte på 872 arkivrelaterte årsverk¹⁴, ein auke på rundt 30 årsverk frå 2019, og ein auke på heile 80 årsverk frå 2018. 755 av desse er arkivfaglege årsverk.¹⁵

Figur 29: Utvikling i årsverk totalt knytt til arkiv i bevaringsinstitusjonane 2016-2020



Arkivinstitusjonane har samla sett hatt ein liten nedgang i både tal på arkivrelaterte årsverk (nedgang på rundt 8 årsverk) og i tal på arkivfaglege årsverk (nedgang på rundt 2 årsverk) frå 2019.

Tabell 15: Årsverk totalt knytt til arkiv etter institusjonstype i 2020

Institusjonstype	Arkivrelaterte årsverk	Arkivfaglege årsverk	Andre årsverk
Arkivverket	283,0	204,0	78,0
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	436,6	415,8	43,2
Andre arkivinstitusjonar	47,0	30,2	15,0
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	766,6	650,0	136,2
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	42,1	42,1	Ikkje spurt
Folkebibliotek	0,7	0,7	Ikkje spurt
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	3,0	3,0	Ikkje spurt
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	45,8	45,8	Ikkje spurt
Museum	59,5	59,5	Ikkje spurt
SUM ALLE	871,9	755,3	136,2

¹⁴ Dei arkivrelaterte årsverka finn vi ved å legge saman «årsverk totalt» oppgitt av arkivinstitusjonane og «arkivfaglege årsverk» oppgitt av biblioteka og musea.

¹⁵ Dei arkivfaglege årsverka finn vi ved å legge saman «arkivfaglege årsverk» oppgitt av arkivinstitusjonane og «arkivfaglege årsverk» oppgitt av biblioteka og musea.

Musea og biblioteka oppgir berre arkivfaglege årsverk til statistikken. I 2020 rapporterer desse institusjonane samla å ha rundt 105 arkivfaglege årsverk. Dette er ein auke på heile 35 årsverk frå 2019¹⁶. I gjennomsnitt utgjer likevel dette berre 0,9 arkivfaglege årsverk per bibliotek eller museum.

Det er berre arkivinstitusjonane som oppgir økonomital til statistikken. Til saman oppgir arkivinstitusjonane 1 026 634 951 kr i driftsmiddel og 990 789 635 kr i driftsutgifter.

Tabell 16: Økonomi i arkivinstitusjonar i 2020

Institusjonstype	Driftsmiddel	Driftsutgifter
Arkivverket	565 505 000	500 008 000
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	418 109 045	449 104 729
Andre arkivinstitusjonar	43 020 906	41 676 906
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	1 026 634 951	990 789 635

Det er viktig å lese økonomitala med omhug, då fleire institusjonar kommenterer at det er vanskeleg for dei å oppgi eksakte tal på alt. Eksempelvis kan dette gjelde kostnader knytte til husleige og drift av lokale for dei institusjonane som deler lokale med andre eller husleiga er del av eit anna budsjett.

Tenestområdet Arkiv er dessverre ikkje del av KOSTRA-rapporteringa, og det er derfor vanskeleg å halde god oversikt over kommunane sine økonomital knytt til denne oppgåva.

¹⁶ Storparten av auken skyldast at Universitetsbiblioteket i Bergen (inkl. Skeivt arkiv og spesialsamlingane) for 2020 oppgir 31 arkivfaglege årsverk (mot 4 i 2019)

ARKIVINSTITUSJONANE

Som tidlegare år ber ein arkivinstitusjonane om å rapportere inn aktivitetar mot allmenta. Dei svarer på spørsmål om tidsbruk nytta til ekstern rettleiing og annan kurs- og foredragsaktivitet, anten mot arkivskaparar eller mot det generelle publikummet. Dei svarer òg på spørsmål om aktivitet knytt til andre typar arrangement og utstillingar.

I samanheng med kommunesamanslåingane, har kommunearkivinstitusjonane dei seinare åra rapportert om høg aktivitet innan rettleiing og kursverksemd. Denne utviklinga har, ikkje overraskande, flata ut i korona-året 2020.

Tabell 17: Rettleiing, kurs og deltakarar på kurs i arkivinstitusjonar i 2020

Institusjonstype	Dagsverk synfaring, tilsyn, rettleiing	Tal på kurs for arkivskaparar	Deltakarar på kurs for arkivskaparar
Arkivverket	2 906	0	0
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	2 535	313	2 102
Andre arkivinstitusjonar	25	1	33
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	5 466	314	2 135

Tal på kurs og tal på deltakarar på kurs har minka stort i 2020, ganske sikkert knytt til heimekontor, (ned)stenging og oppmodingar om å ikkje reise. Vi veit at fleire institusjonar snudde seg om og byrja å arrangere nettbaserte kurs, men det er ikkje sikkert at desse kursa er blitt talde med i dei innrapporterte tala. Det er også grunn til å tru at fleire institusjonar fekk eit lengre opphald i kursverksemda si, noko som nok også har påverka dei innrapporterte tala.

Det er framleis høg aktivitet knytt til synfaring, tilsyn og rettleiing, men også her er det innrapportert mindre aktivitet enn ved førre måling.


Tabellen under syner at også aktivitet knytt til arrangement, foredrag og fysiske utstillingar i arkivinstitusjonane har gått ned i korona-året 2020.

Tabell 18: Arrangement, foredrag og utstillingar i arkivinstitusjonar i 2020

Institusjonstype	Arrangement	Foredrag	Fysiske utstillingar
Arkivverket	0	0	0
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	43	79	29
Andre arkivinstitusjonar	15	37	7
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	58	116	36

På den motsette sida er det gledeleg å sjå at tala for bruk av ulike andre formidlingskanalar aukar. Heile 93 % av arkivinstitusjonane oppgir no å nytte sosiale medium til å formidle til og kommunisere med omverda. 93 % nyttar også eiga nettside til formidling. Delen institusjonar som nyttar fagtidsskrift og aviser for å formidle har auka det siste året.


Figur 30: Formidlingskanalar i arkivinstitusjonar pr. 2020



21 (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar har svart på undersøkinga, 20 stk. av dei har svart på alle spørsmål. Kommunar og fylkeskommunar eig og styrar desse, og institusjonane er interkommunale arkiv (såkalla IKA), fylkesarkiv og byarkiv.


Alle som har svart på spørsmåla om depot oppgir at dei tilbyr depotordning for papirmateriale, medan 19 av 20 svarer at dei tilbyr depot for elektronisk arkiv.

Figur 31: Tenester for arkiv i (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar pr. 2020



Institusjonane tilbyr også ei rekke andre tenester til eigarane, slik som kurs, fagleg rettleiing og arkivfaglege møte. Alle institusjonane oppgir å tilby både kurs, fagleg rettleiing og faglege møte med eigar/medeigar/medlem. Nesten alle oppgir no også å hjelpe sine eigarar med rådgiving ved kjøp og innføring av elektroniske system for arkiv. I 2018 var dette tenester som 8 % av institusjonane gav tilbod om, medan det i 2020 var alle bortsett frå ein institusjon som gav dette tilbodet.

Figur 32: Andre tenester i (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar pr. 2020



OM STATISTIKKEN

Riksarkivaren har som oppgåve å hente inn årleg statistikk frå institusjonar som tar vare på historiske arkiv. Denne oppgåva låg tidlegare i Kulturrådet, men blei i 2014 formelt overført til Arkivverket etter at Arkivmeldinga (2013) foreslo ei slik overføring.¹⁷

Formålet med statistikken er å få eit overordna bilete av situasjonen for arkiva i arkivbevarande institusjonar, og å måle endringar over tid. Oversikta brukast til å definere behov for arkivsektoren, og nyttast av Riksarkivaren i arbeidet med rettleiing, i oppfølginga av bevaringsinstitusjonane, og i rolla som utviklingsaktør. Statistikken går også vidare til Statistisk sentralbyrå som publiserer utvalde tal i den årlege rapporten «Kulturstatistikk».¹⁸

Statistikken for arkivinstitusjonar og arkiv i bibliotek og museum, eller «arkivstatistikken», for 2020 omfattar svar frå 150 institusjonar – 28 arkivinstitusjonar, 70 museum og 52 bibliotek (bibliotek-kategorien inkluderer folkebibliotek, fagbibliotek/dokumentasjonssenter og lokalhistoriske arkiv/samlingar). 159 institusjonar fekk tilsendt spørreskjema, noko som betyr ein svardel på 95 % (100 % for arkivinstitusjonar, 99 % for museum og 87 % for bibliotek). Dei aller fleste institusjonane som har levert inn svarsjema har svart på tilnærma alle spørsmål, medan nokre få institusjonar har svart på berre nokre av spørsmåla. Arkivverket går kvart år igjennom lista over institusjonar for å halde den oppdatert. I år vart 6 institusjonar lagt til i lista, medan 5 institusjonar vart sletta. Nokre institusjonar står i år oppført med nytt namn.

Arkivstatistikken gir kunnskap om situasjonen i dei arkivbevarande institusjonane i Noreg, og høve til å følge utviklinga over tid. Det er likevel visse manglar ved statistikken slik at ikkje alt historisk arkivmateriale omfattast av denne statistikken. For statleg materiale dekker statistikken omtrent alt materiale, ettersom så å seie alle dei statlege verksemdene har Arkivverket som depot for sitt historiske arkivmateriale. Men for det kommunale materialet så omfattar statistikken berre det arkivmaterialet som er komme inn til dei kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonane (i statistikken kalla (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar; det vil seie byarkiv, fylkesarkiv og interkommunale arkivordningar). Historisk materiale frå kommunar som ikkje nyttar ei (fylkes)kommunal arkivordning fell utanfor arkivstatistikken. Per desember 2020 gjeld dette materiale frå ca. 6 % av kommunane i Noreg.¹⁹

For privatarkivmateriale dekker statistikken berre det materialet som er komme inn til institusjonane som får spørreskjema. Arkivverket sender spørreskjemaet til alle institusjonar som vi veit oppbevarer privatarkiv. Det finst fleire mindre aktørar, med frivillige (til dømes historielag og andre frivillige organisasjonar) som oppbevarer slikt materiale. Arkivverket kjenner ikkje til alle desse, og dei får derfor ikkje tilsendt spørreskjema.

¹⁷ Meld. St. 7 (2012-2013) – Arkiv

¹⁸ Sjå: <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/kulturstatistikk>

¹⁹ Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane oppgir å dekke 336 av 356 kommunar og fylkeskommunar i Noreg per 2020

INDELING INSTITUSJONSTYPAR

ARKIVINSTITUSJONAR

Arkivverket (Riksarkivet, statsarkiva, Samisk arkiv og Norsk Helsearkiv)

Andre arkivinstitusjonar

Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek

Misjons- og diakoniarkivet, VID

Norsk Luthersk Misjonssamband

Norsk Lydinstitutt

Norsk senter for folkemusikk og folkedans

Stortingsarkivet

(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar

Arkiv i Nordland

Arkiv Troms

Aust-Agder museum og arkiv

Bergen byarkiv

Drammen byarkiv

Fredrikstad byarkiv

Fylkesarkivet i Vestland

IKA Finnmark

IKA Hordaland

IKA Kongsberg

IKA Møre og Romsdal

IKA Rogaland

IKA Trøndelag

IKA Vest-Agder

IKA Østfold

Innlandet Fylkesarkiv

Oslo byarkiv

Stavanger byarkiv

Tromsø byarkiv og bibliotek

Trondheim byarkiv

Vestfoldarkivet

Vestfoldarkivet

Østfold interkommunale arkivselskap

MUSEUM

AAT-NIA (Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark / Norsk Industriarbeidermuseum)

Anno museum

Arran Lulesamisk senter / Árran - julevsáme guovdásj

Buskerudmuseet

Bø Museum

Dalane folkemuseum

Davvi álbmogiid guovddáš - Senter for nordlige folk

Deanu ja Varjjat museasiida - Tana og Varanger museumssiida

Drammens museum for kunst og kulturhistorie

Falstadsenteret

Forsvarets museer

Galleri F 15

Gudbrandsdalsmusea AS

Hardanger og Voss Museum

Haugalandmuseene

Helgeland museum

Jødisk Museum i Oslo

Jødisk museum i Trondheim

Kistefos-Museet

Kraftmuseet - Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

Midt-Troms Museum

Mjøsmuseet

Musea i Sogn og Fjordane

Musea på Sunnmøre

Museene for kystkultur og gjenreisning i Finnmark

Museene i Akershus (MIA)

Museene i Sør-Trøndelag

Museet Midt

Museum Nord

Museum Stavanger

Museum Vest

Museumssenteret i Hordaland

Narvik krigsmuseum
 Nordlandsmuseet
 Nordmøre museum
 Nord-Troms museum
 Norges arktiske universitetsmuseum
 Norsk Bergverksmuseum
 Norsk Jernbanemuseum
 Norsk Luftfartsmuseum
 Norsk Oljemuseum
 Norsk Skogfinsk Museum
 Norsk vegmuseum
 Oslo Museum
 Perspektivet Museum
 Preus museum
 Randsfjordmuseene
 RiddoDuottarMuseat
 Romsdalsmuseet
 Ryfylkemuseet
 Saemien Sijte
 Skimuseet i Holmenkollen
 Stiftelsen Lillehammer museum (inkl. Opplandsarkivet, avd. Maihaugen)
 Stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design
 Stiftelsen Norsk Folkemuseum
 Stiftelsen Norsk Teknisk museum
 Stiftinga Jærmuseet
 Stiftinga Nynorsk Kultursentrum
 Stiklestad nasjonale kultursenter
 Sunnhordland museum (Ikkje svart)
 Svalbard museum
 Sør-Troms Museum
 Telemark Museum
 Valdresmusea
 Varanger museum
 Várdobáiki samisk senter
 Verdensarvsenter for bergkunst - Alta Museum
 Vest-Agder-museet
 Vest-Telemark museum
 Vigeland-museet
 Østfoldmuseene

BIBLIOTEK

Fagbibliotek/dokumentasjonssenter

Arbeiderbevegelsens arkiv Hedmark
 Arne Bjørndals samlinger; universitetet i Bergen (Ikkje svart)
 Danseinformasjonen (Dansearkivet)
 Det teologiske Menighetsfakultet, Historisk Arkiv
 Folkemusikkarkivet i Telemark
 Folkemusikkarkivet NRK
 HL-senteret
 Nasjonalbiblioteket
 Norges geologiske undersøkelse, bibliotek
 Norsk polarinstitutt, biblioteket (Ikkje svart)
 NTNU Universitetsbiblioteket i Trondheim
 Troms og Finnmark fylkesbibliotek
 Universitetsbiblioteket i Bergen (inkl. Skeivt arkiv og spesialsamlingane)
 Universitetsbiblioteket i Tromsø

Folkebibliotek

Alvdal bibliotek
 Asker bibliotek
 Ballangen folkebibliotek
 Brønnøy bibliotek
 Bærum bibliotek
 Hamarøy bibliotek
 Harstad bibliotek
 Haugesund folkebibliotek
 Karmøy folkebibliotek
 Kristiansand folkebibliotek
 Kristiansund bibliotek
 Kvæfjord folkebibliotek (Ikkje svart)
 Levanger bibliotek
 Loppa folkebibliotek
 Meråker (kombinasjons)bibliotek
 Notodden bibliotek
 Ringerike bibliotek
 Røros folkebibliotek
 Skiptvet bibliotek

Sola folkebibliotek (Ikkje svart)
Spydeberg bibliotek (Ikkje svart)
Stad bibliotek, avd. Selje
Sula Bibliotek
Surnadal folkebibliotek
Time bibliotek
Tingvoll bibliotek
Vennesla bibliotek
Verdal bibliotek
Øvre Eiker bibliotek

Lokalhistoriske arkiv/samlingar

Drangedal historielag
Flesberg historielag
Gol bygdearkiv
Hedrum historielag
Hemsedal bygdearkiv
Hol bygdearkiv
Lier historielag
Lokalhistorisk arkiv i Sauherad
Lokalhistorisk arkiv i Vinje (Ikkje svart)
Lokalhistorisk senter Horten
Nordre Follo lokalhistoriske arkiv
Nore og Uvdal bygdearkiv (Ikkje svart)
Rakkestad lokalsamling
Sauda lokalarkiv (Ikkje svart)
Sogndal lokalhistorisk arkiv (Sogndal bibliotek)
Ål bygdearkiv
Ås kommunes lokalhistoriske arkiv